



Øygarden kommune
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Tilbakemelding etter kommunemøte med Øygarden kommune 2024

Vi viser til hyggeleg og godt kommunemøte med Øygarden kommune i Øygarden rådhus 22. mai 2024. Statsforvaltaren vil takke kommunen for god informasjon, godt førebudde innlegg og ein nyttig dialog om dei sentrale temaa som var sette på dagsorden under møtet.

Kommunedialog med kommunebilde er eit satsingsområde for Statsforvaltaren. Kommunedialogen er med på å sikre nasjonale og regionale målsetjingar og interesser, og vi legg vekt på at dialogen skal vere kunnskapsbasert. Kommunebildet er eit digitalt verktøy som gjer det lettare for oss å lage meir treffsikre analysar av risiko og sårbarheit i ein kommune for dei fag- og forvaltningsområda der Statsforvaltaren har eit ansvar for å følge opp kommunane.

Vi førebur eit kommunebilde før vi besøker kommunen. Kommunebildet dannar grunnlaget for val av tema til dialogen med kommunen. Ut frå dialogen i møtet avtalar vi gjerne nærmare oppfølging av utvalde tema. Kommunebildet blir oppdatert etter møtet, lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren og blir tilgjengeleg for alle interesserte. For administrasjonen og kommunepolitikarane kan kommunebildet gje signal om utfordringar det er viktig å ta tak i for kommunen.

Utvalde sentrale tema for nærmare dialog i møta er inndelte etter overordna oppgåver og roller til kommunen:

- tenesteytar og myndigheitsutøvar
- styring og forvaltning
- samfunnsutviklar og demokratisk arena.

Etter møtet med Øygarden kommune har vi overordna samanfatta sentrale tema som var til drøfting etter nemnde inndeling. Vi har lagt vekt på informasjon frå kommunen med bakgrunn i at kommunebildet til Øygarden var grunnlaget for dialogen i møtet. Tilbakemeldinga vår må såleis lesast i den samanhengen.

Ordføraren innleia med informasjon om ein kommune i vekst og etter geografien ein langstrakt kommune med 76 øyar, og har både område med bypreg som ligg nær Bergen og grisgrendte bygder med spreidd busetnad. Med sterk vekst er etablering av gode trafikale kommunikasjonar



gjennom det nye Sotrasambandet avgjerande for vidare utvikling av kommunen, både som samfunn og organisasjon. Det har vore nokre år med utfordringar etter samanslåinga av tre tidlegare kommunar med mange tenestestadar, til Øygarden kommune frå 2020. Kommunen er på rett veg i utviklinga som ein «ny» kommune i bergens-regionen etter ein berekraftig måte. Arealdelen til kommuneplanen blir eit viktig arbeid i den samanhengen.

Tenesteytar og myndigheitsutøvar

Dialogtemaa var knytte til omsorgstenester med gode og rette tenester for ei aukande eldre befolkning, rekruttere og sikre relevant kompetanse til kommunehelsetenesta, eit barnevern med tverrfagleg og førebyggjande arbeid, integrering med god deltaking i barnehage, skule og sysselsetjing og arbeid med å heve nivået i grunnskulen.

Omsorgstenestene er administrativt organisert under kommunalsjef for Helse, omsorg og velferd. Med ei sterk auke i tal eldre, får også kommunen framover eit auka utgiftsbehov for denne gruppa, prognosane viser ein auke på 40 prosent i perioden 2022 – 2032. Kommunen planlegg og styrer etter analyser og styringsdokument om framtidens helse og velferdstenester, med ein opptrappingsplan for tenestene over 10 år med gradvis utvikling av tenester etter 24 prioriterte tiltak. I denne samanhengen blir også *Øygarden 2040* – ein langsiktig driftsanalyse og investeringsplan fram mot 2040 og Kostra-data viktige kunnskapsgrunnlag. Innsatsområda i omstillingsprogrammet er tiltak med tidleg innsats/førebygging, digitalisering og velferdsteknologi, tenesteutvikling, organisering og personell og helse- og omsorgsbygg. For det siste er det økonomiske utfordringar for gjennomføring av investeringar. Kommunen har fleire pågåande prosjekt-/utviklingsarbeid for betre omsorgstenester, der òg utvikling og bruk av teknologi for innbyggjarteneste, velferdsteknologi og digital heimeoppfølging, digital samhandling, digitale fellesløyser og legemiddelområde er sentrale satsingsområde.

Øygarden er aktiv for å få til samskaping mellom kommunen og frivillige og private aktørar gjennom aktivitets- og kulturtilbod for seniorar/eldre.

Samanlikna med andre kommunar har Øygarden mange unge som er brukarar av omsorgstenester.

Mange over 80 år bur heime, og kommunen har under opptrapping at det skal bli fleire tilsette i heimetenestene slik at dei eldre heimebuande får rette og gode tenester. Kommunen gjennomfører årlege brukarundersøkingar for omsorgstenestene, og skal gjennomføre ei undersøking for heimetenestene hausten 2024. Brukarundersøkinga hausten 2023 for bebuarar i institusjon viser eit betre resultat for Øygarden enn landsgjennomsnittet (pårande deltok også i undersøkinga).

Når det gjeld rekruttering av tilsette til helse, omsorg og velferd opplever kommunen konkurranse med t.d. Bergen, som igjen kan bety større utskifting av personell (turnover). Utviklinga er òg at det blir fleire framandspråklege som arbeider i tenestene.

Kommunehelsetenesta for psykisk helse og rus har ikkje problem/utfordringar med rekruttering, og har fleire kommunepsykologar for barn, unge og vaksne. Kommunen gjennomfører brukarundersøking for psykisk helse og rus haust 2023/vår 2024. Det er over 700 ledige plasser for fastlege.

Barnevern er administrativt organisert under kommunalsjef for Oppvekst og avdelinga for barn- og familiesjef. I styring og utvikling av tenesta blir det gjort ein gjennomgang for å synleggjere organiseringa av oppgåvene i barnevernet, med vektlegging på førebygging. Barneverntenesta



arbeider difor etter ein førebyggjande plan for prioriterte målgrupper av barn og unge som er omgitt av fleire risikofaktorar utan tilstrekkeleg beskyttelse. Dette gjeld særleg alvorlege psykiske vanskar, rus, vald og seksuelle overgrep, barn og unge i familiar som har vedvarande låginntekt og barn/unge under 10 år. Av konkrete tiltak blir det arbeidd med å få ned institusjonsbruken blant unge, ressurshus for barn og unge og at felles/tverrfagleg eining jobbar etter ein modell på ulike nivå for hendingar. For å heve kvaliteten i tenesta blir det prioritert å styrke den juridiske kompetansen. Frå august 2024 innfører tenesta Landsbymodellen (strukturen) i undersøking/tiltak fasen. Tenesta har revidert rettleiingsstrukturen og skal ha kontinuerleg fokus på at rettleiing skal prioriterast med bistand frå juridisk kompetanse.

Statsforvaltaren registrerer at Øygarden har hatt stor vekst i barneverntenestene og at det tverrfaglege samarbeidet for barn og unge ikkje har vore godt nok. Tenesta bør òg ha ein samanheng med den øvrige planstrukturen til kommunen. Kommunen må òg bli betre på sakshandsaming av barnevernssaker, t.d. at sakshandsamingstida på klagesaker har gått opp. Tenesta har mange akutt plasseringar. Oppsummert er det difor positivt og nødvendig at kommunen har planar og gjennomfører tiltak for ei betre barnevernteneste.

Frå politisk hald blir førebygging med tverrfagleg arbeid prioritert, slik at færre barn og unge skal kome på institusjon. Det er òg ønskje med eit samarbeid med Statsforvaltaren.

Integrering er administrativt lagt til Oppvekst. Kommunen har busett mange flyktningar. Flyktingtenesta og integreringsfeltet skal evaluerast, og det blir m.a. sett på samankopling til vaksenopplæringa, samhandling og koordinering mellom busetting og kvalifisering. Øygarden skal vere ein [Språkkommune](#) med ein språkplan for barnehage og skule, med prioriterte område for språkmiljø, språkvanskar og minoritetsspråklege elevar.

Øygarden planlegg og arbeider med *Framtidas skule* – ein utviklingsplan for styrking av kvaliteten i skulane. Satsingsområda er

- felles leseplan og satsing på skulebiblioteka
- felles rekneplan
- møte med skuleeigar og skulane kvart år – kvalitetsdialog
- miljøterapeutar og læringsmiljø

Prioritert er òg styrking av motivasjon hjå grupper av elevar på mellomsteget og ungdomssteget. Meir praktisk og variert undervisning og intensive kurs i grunnleggjande ferdigheiter.

Det er store forskjellar mellom skulane i kommunen på resultat (gode og svake). På mellomtrinnet er det utfordringar at elevar ikkje kjem på skulen, og det er sett i gang tiltak med meir kontakt mellom elev og kontaktlærar og at elevane får færre vaksne å halde seg til innanfor same ressursbruken (timetal).

For skulen registrerer Statsforvaltaren ein stor kommune som det ofte er kontakt med i vanskelege saker, at det er blanda resultat mellom skulane og variasjon mellom tema, men og internt i skulane. Kommunen må stille seg spørsmålet korleis er utviklinga, blir det betre resultat til neste år, og vurdere om det er nyttig og rett det som blir gjort opp mot tilgjengelege ressursar?

Slik som statusen i kommunebilde beskriv, har Øygarden levekårsutfordringar for barn og unge. Dette tek kommunen tak i, også med politisk engasjement. Det blir brukt mykje ressursar på desse områda, og med avgrensa ressursar blir framtida ei prioritering av strukturendringar mellom barn og unge mot ei veksande gruppe eldre menneske. Ingen barn/unge «veks opp i ein sektor», og kommunen innfører ny tverrfagleg organisering som skal sikre kapasitet og samhandling på tvers av



områda med felles oppgåver for barn og unge. Oppretting av skulesjef skal bidra til koordinering og ein betre heilskapleg skule.

Styring og forvaltning

Kommunen orienterte om økonomisk utvikling i perioden 2019 – 2023 med vekt på finansielle måltal (handlingsreglar) og utvalde nøkkeltal for 2024-budsjettet. Oppsummert er netto driftsresultat og disposisjonsfond svakare enn måltala, medan lånegjelda (kommunekassa) samanlikna med driftsinntektene er redusert i perioden til under handlingsregelen. Som følge av auka rente dei siste åra, prøver kommunen å halde investeringane nede. I økonomiplanlegginga/- styringa prioriterer kommunen koplinga mellom kommuneplanen og økonomiplanen (handlingsdelen). Kommunen har kvartalsvis økonomirapportering til kommunestyret med verksemdstyring og månadleg rapportering i administrasjonen. Dette legg til rette for å ta tidleg grep ved økonomisk ubalanse.

Som andre kommunar får Øygarden større endringar i alderssamansetjinga til innbyggjarane, som igjen betyr endringar i utgiftsbehovet for kommunale tenester. Difor må kommunen sjå økonomien over eit lenger tidsrom enn ein fireårig økonomiplan. Kommunen har utarbeidd kunnskapsgrunnlaget *Øygarden 2040* – ein langsiktig driftsanalyse og investeringsplan for 2024 – 2043. Planen er eit verktøy for planlegging og prioritering som skal hjelpe kommunen å vere føreseieleg i planlegging og styring og bidra til å skaffe eit økonomisk handlingsrom. Planen har sitt grunnlag i behovsanalysar fordelt etter tenesteområda til kommunen, og skal ha samanheng med budsjett- og økonomiplan og temaplanar. *Øygarden 2040* har politisk eigarskap og forankring.

Overordna er planen/kunnskapsgrunnlaget

- ei samla oversikt over behovet for investeringar i eit 20-års perspektiv
 - kva tid kjem dei ulike investeringane?
 - kva kapasitet vil dei gje?
 - kva kostnad har dei?
 - kor i kommunen skal investeringane gjerast?
- oversikt over konsekvensar for driftsutgifter
 - renter og avdrag
 - vedlikehald
 - bemanning
- finansieringsbehov

Kommunens rolle som samfunnsutviklar

Klima og miljø er administrativt organisert under kommunalsjef for kultur og samfunn (samfunnsutvikling) og avdeling eigedom. [Samfunnsplanen til Øygarden](#) gjeld for perioden 2022 – 2034 og har tydelege mål for miljø og klima, med eit hovudmål at

- Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn med
 - klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon
 - berekraftig lågutsleppsamfunn
 - gode naturoppleveringar og ivaretaking av natur på land og i sjø
 - andre hovudmål og strategiar som m.a. innovasjon og grøen om stilling, og innkjøp og arealstrategiane.

I [planstrategien for 2024 – 2027](#) ligg det inne at kommunen skal utarbeide ein strategisk plan for klima og miljø med oppstart i 2025.



Prioriteringar framover er stilling som klima- og miljørådgjevar frå 1. juni, etablere internt klimanettverk, klimapartner Vestland, utarbeide klimarekneskap (Klimakost), samordne kunnskap og systematisere innsats. Øygarden er i gang med fleire samarbeidsprosjekt med tiltak for å reinske opp plast i hav og strandsone, kartleggje område med store gjenstandar (båtvrak og fiskeutstyr), overvake fauna og registrere framande artar. Kommunen har òg elevar i skulen som er med på eit alternativ undervisningsopplegg innan klima og miljø i regi av Norges jeger og fiskeforbund i Hordaland.

Øygarden gjennomfører ei jamn utskifting av køyretøy til el-bilar. For mat og berekraft er det sett inn tiltak for reduksjon av matsvinn i kommunale institusjonar. Sidan september 2023 har Skyss i samarbeid med Miljøløftet og selskapet [Nabogo](#) testa ut eit pilotprosjekt for samkøyring i Øygarden og på Askøy. Prosjektet har så langt fått resultat langt over det ein venta på førehand. Reinhold skal skje utan kjemikaliar eller med svanemerka produkt. Skular bidreg med søppelrydding i nærmiljø og strandsone.

Kommunen må ta omsyn til at dei kan bli omfatta av krav i EU sitt nye avløpsdirektiv, som er planlagt vedtatt våren 2024.

Øygarden har *bustadsosial* temaplan gjeldande for perioden 2023 – 2032. Sidan samanslåinga i 2020 til Øygarden kommune, er det framleis organisering og styring av kommunale utleigebustader frå dei tidlegare kommunane gjennom Øygarden bustadutvikling KF og Øygarden bustadstifting. Dette bidreg ikkje til eit tilfredsstillande overordna/heilskapleg tydeleg ansvar for det bustadsosiale arbeidet. Kommunen arbeider for at forvaltninga av heile bustadportefølgja skal ligge på ein plass i den kommunale organisasjonen med eit tverrfagleg koordinerande ansvar.

Øygarden er ein randkommune, med både område som har bypreg og meir landlege. Dette kan gje utfordringar med at eldre skal bu heime, både på samferdsle (avstandar) og at kostnader med å bygge sentrale bustader er høge. Planlegging av hensiktsmessige buformer for dei eldre blir viktig framover. Kommunen går ned i talet på hardbruksbustader for kommunale leigetakarar. Kommunen buset no eit lågare tal flyktningar i høve til oppfordringa til IMDI.

Open post – verdien av godt planarbeid og samhandling i planprosessar mellom kommunen og Statsforvaltaren

Øygarden har i dag tre arealplanar frå dei tidlegare kommunane. Kommunen er i oppstarten for ny arealdel for kommuneplanen (KPA), og har som målsetjing at planen skal vedtakast av kommunestyret i 2027. Det er oppretta eit eige KPA-utval for prosess og innhald i planen. Arbeidet med planen skal m.a. kartleggje arealressursar og status (landskapsanalyse, strandsonekartlegging, planvaks og arealrekneskap) og fastsetje strategiar/prinsipp for kva vi skal ta vare på og kva treng vi areal til. Berekraftsmåla ligg til grunn for arbeidet med KPA og skal prioriterast høgt. Oppdatert naturmangfaldskartlegging (NiN) har sidan januar 2024 blitt lagt til grunn i alle reguleringsplanar, men kommunen må oppdatere rapportar og vurderingar før politisk handsaming av KPA. Kommunen vil ivareta naturmangfald i overordna KPA-plan, framfor eigen kommunedelplan. Øygarden er òg deltakande i tre søknader til forskingsrådet med tema areal under press.

Øygarden ønskjer Statsforvaltaren med på samhandling (tett samarbeid) og ein dialogbasert metode for prosessen og arbeidet med KPA-delen og om lovforståing (plankrav, føresegner m.v.), som ivaretek begge partar sine interesser og samtidig får til ein god KPA-prosess.



Oppfølging

Vi noterte oss at områda barn og unge, planområdet (KPA) og bustadsosialt arbeid peika seg ut for vidare oppfølging om kommunen ønskjer det. Statsforvaltaren kan følgje opp og bidra med kommunikasjon og rettleiing innan desse områda. Dette kan òg skje gjennom tematiske møte mellom kommunen og Statsforvaltaren.

I tillegg til dei sentrale tema som var til drøfting i møtet, har òg kommunebildet til Øygarden fokusområde etter statlege forventningar og vår kjennskap til kommunen. Desse fokusområda og andre sentrale tema fortel kva vi i eit forvaltnings- og utviklingsperspektiv vil leggje særleg vekt på i den vidare dialogen med kommunen.

Kommunebildet til Øygarden kommune vart ikkje i sin heilskap gjennomgått og drøfta i kommunemøtet. Statsforvaltaren legg til grunn at kommunebildet med fokusområde og forslag til sentrale tema, vil bidra til eit grunnlag for vidare interne prosessar for drift og utvikling av kommunen.

[Kommunebildet til Øygarden](#) er lagt ut på vår heimeside.

Med helsing

Anne Kristin Eitungjerde
fung. kommunaldirektør

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent